

# KYRKJEBLAD

## FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 7-8

November/Desember 1983

37. årg.

### *Ei tru for trugande tider*

Ei fersk Gallup-gransking fortel at nordmenn ser helst svart på framtidi vår. Alt som er gale vil bli verre, trur dei! Arbeidsløysa, rusgiftbruk, brotsverk og meir slikt vil berre auka på, trur dei.

Og ei slik tru, eller rettare, -ei slik vantru, kviler på trygg grunn, let vil seia på utrygg grunn.

Den lyse framtidsvon me hadde som vaks opp under og etter krigen, midt i mørke og harde år, kvar er ho no, midt i vår underfulle tekniske under-verd, med atomangst og framtidssjokk og 1984?

Men ei von gjev den dystre galluppen. Det synest som folk snur frå jaget etter levestandard, dei mange ting, -til livsstandard, -det gode livet.

Det vert meir spørsmål etter menneskeleg varme og einskap, levande natur og vern om livet.

Men har dette noko med julebodskapen og heile vår kristne tru å gjera?

Ja, for Gud har skapt og held oppe denne verdi. Og han ynkast over ei villfari verd, truga av øydeleg-

ging. Les den avsluttande, sentrale bodskapen i Jona 4.11! Gud har ikkje so god råd på anten menneske eller dyr som endå til sume sokalla kristne politikarar har når dei spelar høgt med atomdjevleskapen.

Og so elska Gud verdi at han gav Son sin, den einborne. Han kjem med ein gledesbodskap til angstgripne menneskeborn, eit lys over mørke marker.

Bodskapen er: Kjørleiken frå Gud er sterkare enn atomvåpen. Barnet i krubba er sterkare enn keisaren i Roma borg.

Han vil gje oss det gode livet til å leva: "Lat dette huglaget vera i dykk som og var i Kristus Jesus. Då han var i Guds skapnad heldt han det ikkje som eit rov å vera Gud lik. Men han gav avkall på sitt eige, tok på seg ein tenars skapnad, og vart menneske lik.

I si ferd var han som eit menneske: han nedra seg sjølv til døden, ja, døden på krossen.

Difor har Gud storleg opphøgt han og gjeve han det namn som er over alle namn--" Filipparbrevet 4.5-9.

Den tru som byggjer på denne Guds gjevande og lidande kjærleik, har stått si prøve i mørke tider før. Det er ei tru ogso for 1984.

\*\*\*\*\*



DU TIL DÅPEN  
LET MEG BERA--.

23. oktober vart Odd Inge Brønstad boren til dåpen i Eksingedal kyrkja, og fireåringane fekk "Mi Kyrkjebok" -for at dei kan verta verande i Kristus når dei veks opp--"

## Hei, stopp litt der

Trø varsamt når du nærmar deg Herrens hus!

Trygg og heimekjend, med berre eit blick på nummertavla finn du dei bøkene du treng, og finn plassendin der du brukar å sitje. Slik skal det sjølv sagt og vere, men eg seier igjen - trø varsamt! Kanskje kom det nokon inn som ikkje var så heimekjend. Då kan ein vere svært vår og sårbar. Ord, blick og holdning får gjerne større dimensjonar enn elles. Ein er redd for å stikke seg fram, for å dumme seg ut, og for å ta den faste plassens frå nokon. Kanskje veit ein ikkje at O framfor salmenummeret tyder Salmer 73, det vesle salmeheftet. Så sit ein der utan å kunne fylgje med i songen, torer ikkje reise seg å hente ei bok, og føler alle auge på seg fordi ein var så dum at ein ikkje visste betre.

Kanskje var det nokon som vona at nettopp du skulle helse glad, og setje deg att med. Ein føler seg trygare då når ein sit att med nokon som kan ritualet. Det kan nok og tenkjast at nokon ikkje torer å gå til nattverd, men dersom du var der og sa: "Vil du gå i lag med meg-?", så kanskje-

Kanskje står nokon fattig att på kyrkjebakken fordi ingen hadde tid til å prate litt. Prøver ein å nærme seg ei gruppe, så høyrer ein "-så snakkast vi sidan-", og gruppa løys-er seg opp og forsvinn. Dei har eit fellesskap du ikkje får del i. Det skulle ikkje vore tillate å skunda seg heimatt. DER ER NOKON SOM STAR FATTIGE ATT!

Ingen veit kva som rører seg i eit menneske. Det er så lett å dømme etter det ein ser utanpå. Ein kristen som slumpar til å skrøne litt eller baktale nokon ville nok framleis bli rekna med i kristenflokken, medan ein som ramlar på fylla neppe ville ha store sjansar for å bli godteken. Men Gud har ikkje grader-

ing av synder, -for han er syndene like store. Så trø varsamt! Jesus var å finne hos dei som var utanfor på ein eller annan måte. Der er han å finne i dag og.

Nokon sa: "Eg hadde vel enno stundom hatt min gang både i kyrkje og bedehuset dersom det ikkje vart sagt meg ganske direkte: "Du høyrer ikkje til her!" Nokon andre sa: "Eg har fleire gonger tilbode mi hjelp både med praktisk arbeid og kakebaking til tilstellingar i kristen samanheng, men eg vart avvist fordi eg ikkje var ein kristen."

Ein sa: "Det kom nokon og spurde om mi hjelp, eg fekk ei oppgave. For meg vart dette den hjelpa eg trong for å vedkjenne meg kristennamnet. Oppgava eg fekk var god å ha å skjule seg bak til dess eg vart sterk nok til å krype fram--". Vi skal hjelpe kvarandre fram, ikkje trakke kvarandre ned, eller stenge nokon ute.

Desse orda er skrivne til påminning og ettertanke, ikkje som kritikk, for eg veit at vi som kristne vil at det skal vere venleg og varmt blant oss, men at vi stundom er tankelause. Eg trur at dersom Jesus kjem att i dag, så går Han ikkje fyrst anten i kyrkja eller bedehuset. Han går først, slik Han gjorde før, til dei som er utanfor, til dei som har det vondt, til dei sorgfulle og dei gløymde. Og eg trur Han vil undre seg over kvifor ikkje vi, som kallar oss hans vener, er der!

Til slutt - til dykk som føler at de står utanfor, og synest det er vanskeleg å få kontakt: PRØV IGJEN!

De skal vita at vi som er vedkjennande kristne og er redde og usikre. Vi er redde for å trengje oss på, og ikkje ikkje minst er vi redde for å ikkje leve opp til det bildet andre har av ein som kallar seg kristen. Vi er ikkje onnorleis enn andre, vi har berre sanna at vi ikkje kan leve ellers døy utan hjelp av Jesus. O.

### TIL JULEGÅVE OG JULEHELING:

\*\*\*\*\*  
KJØP JUBILEUMSBOKA FOR MODALEN OG EKSINGEDALEN TIL JULEGÅVA TIL SLEKT OG VENER!

TRENG DU EI FIN OG RIMELEG JULEHELING Å SENDA? TIL JUL FÅR DU JUBILEUMSSKRIFTET TIL VAKSDAL KYRKJA FOR KR 10-ti-, I KYRKJA ELLER PÅ PRESTEKONTORET!

### DEN VIRKELIGT VISE

Den virkeligt vise er den, som formår at forstå også den, som han ikke forstår.

Piet Hein

## JULESONG



No stig frå oss dei tonar att,  
om fred på jord og frelsa.  
Guds son som kjem i julenatt  
me saman no vil helsa.

I ånda vil me stiga inn,  
med alle våre kjære,  
og knela ner med opne sinn  
i stallen, Gud til ære.

No står me i ein samla ring,  
med tusen millionar,  
og føler englane omkring  
vor konge og forsonar.

Tekst: Arnfinn Lilleskare 1983.

Tone: Aasmund Lilleskare

### 50-ÅRSKONFIRMANTAR PÅ VAKSDAL.



Det var ein liten, men fin flokk 50-årsjubilantar som møtte til gudstenesta i kyrkja 2. oktober. Etter gudstenesta var det festsamkoma i bedehuset. Der gjekk praten livleg kring borda, og mange minne vart oppfriska. Øvst ser me dei, og nokre av ektemakane. Under set dei til bords saman me Gunvor Bjørsvik.



## Mi kyrkjebok til fireåringane på Vaksdal



Her ser me fireåringane på Vaksdal som fekk "Mi Kyrkjebok" ved familiegudstjenesta 16.okt., saman med soknerådsformannen Olav Steinsbø.



Vaksdal barnekor gledde alle med den fine og friske songen sin.

## Reisebrev frå Israel

Då gruppa starta frå Flesland var det kald nordavind. Men då me steig ut på Ben Gurion-flyplassen i Israel på kvellen, var brisen varm. For eit ombyte! Full sommarvarme, mot hausttemperatur heime-. Det slår oss kor fredeleg og avslappa livet er. Ei ung gjente i Israelsmisjonen vart stilla fylgjande spørsmål: "Det kjennest vel utrygt å bu her som er slik uro?" - "Det meste av uroa fær me vita om når norske aviser kjem hit, eller reisande frå Noreg fortel kva TV heime har å melda."

Første dagen tok guiden oss vestover frå Jerusalem til Ajalons dal, Sora, Eastol og Sorek hole. På vegen syntte Laila oss små landsbyar der jødar og arabarar budde. Og ho sa der var fred og samarbeid. Jødane og arabarane treivst i lag og hadde det harmonisk. "Men slikt bryr truleg ikkje verdspressa seg om. Journalistane må skriva om strid og problem," meinte ho.

Eg spurde korleis det er i Betlehem t.d. med arabarane der, og staten Israel. Der er ingen problem, for i Betlehem er so mange kristne. Det same sa guiden om Galilea. Det var ei oppleving å gå der Samson levde. Anden tok til å driva han mellom Sora og Eastol, står det i Bibelen. Her i Ajalons dal var det Josva bad sola stå stille. Og sola "sto still".

På desse slettene slo vesle David kjempa Goliat. Me plukka steinar opp av bekkjefaret der David henta ammunition til slyngja si. Slike steinar er verkeleg souvenirar.

Vi vitja staden Emmaus. Tvilsamt om det er den byen det står skrivi om i Lukas 24.- Her ligg Latrun. Ved Latrun hadde den arabiske legion stor styrke i 1948. Mange jødar fall. Langs vegen ligg utbrende tanks og armerte bilar. Vegen vart kalla Blodvegen, eller Motets veg. Jødane slo seg gjennom og kom dei innestengde venene sine i Jerusalem til hjelp. Men 50% av Israel sine soldatar som kjempa her fall. Mannen åg guiden var med og kom heil ifrå det.

Eretz Israel, som dei kallar landet, har kosta slit, sveitte, blod og tårer. Men dei forlet det aldri meir levande. På Massada år 73 døyde dei alle som verja staden. No seier dei: "Aldri meir Massada". Og dei har rett. For Gud har sagt det:

Eg skal planta dei i deira eige land, og dei skal aldri meir verta rykte opp or det landet som eg har gjeve dei, segjer Herren din Gud." Amos 9.15.

Den som no vil øydeleggja Israel og kasta folket på havet, strir mot den Allmechtige Gud.

Det er ei oppleving å vera pilgrim, turist, i landet der Guds utvalde folk bur. Her levde profetar, Jesus og apostlane. Dette er min femte tur dit, men det vert neppe den siste.

Olav Hesjedal.

### VÅR FADER, ALLMEKTIG.

Tone: Den himmelske lovsang.

Vår Fader, allmechtig som skapte de dager og tiden for alle på jord. Han gav oss av hjerte med solrenning fager Guds Enbårne Sønn, av sin kjærlighet stor.

Refreng:  
Da stjernen de så komme frem gjennom mørket i gyldnende, skinnende sky med toner fra himlen i høyeste hørte som alltid er evig og ny.

Vår Fader allmechtig som gav oss den glede å møte Den Hellige Ånd. Og gjerne til frelse så ville han lede oss frem i sin trygge og trofaste hånd.

Vår Fader, allmechtig som alt har i eie, en verden hvor enn vi nu er. Han viste så venlig og vet våre veie for freden i fremtiden finner vi der.

Tekst julen 1983 av A. Jensen.

### KYRKJEBLADET.

Det er sume som spør kvifor bladet vårt ikkje kjem kvar måned. Svaret er: For lite pengar! Difor må me leggja på bladpengane til (minst) kr. 30,-, og bladet tek gjerne mot ei ekstra julegåva! Me har kjøpt ny skrivemaskin og fotoapparat, og kassen er snart tom--.



Me ynskjer alle, heime og ute, signa jul og nyttår!

## MISJONSKLOKKA

Om ikkje lenge vil klokkene i dei sju Vaksdal-kyrkjene på ny ringja jula inn, kvar med sin velkjende klang.

Men det er endå ei Vaksdal-klokke som ringjer jula inn. Det er klokka i gamlekyrkja på Dale som vart riv- en for 25 år sidan. I mange år har ho samla folk til kyrkje, men klan- gen frå desse klokkene når nok ik- kje folk i bygdene våre.

Som mange veit, vart den i fyrstnin- ga sett i våpenhuset i den nye Dale kyrkje. Dette var ingen plass for ei kyrkjeklokke. Ho har ei heilt anna oppgåve. Ho Johanna Takvam skjøna dette godt. Og då ho hadde ein bror som var misjonær, og som var med og bygde misjonskyrkje på Madagaskar, tok det ikkje så lang tid før klok- ka var på veg til den store kate- dralen på Antsirabe. Her har ho kal- la gassarar til gudsteneste i mange år allereide.

Me tykkjer at den nye Dale kyrkje er stor som tek 500 menneske, men her har me ei kyrkje som tek fire- fem gonger så mykje. To-tre tusen menneske kan samlast her, og det er ikkje uvanleg at ho er fullsett. Lenge før gudstenesta tek til sam- lar dei seg og syng - fleirstemt! I kyrkja vil ein nok og finne An- laug Sandal frå Stamnes. Ho er rek- tor på skulen nettopp her på Antsi- rabe.

Madagaskarmisjonær Torfinn Hestad minna oss om desse tinga då han for kort tid sidan vitja Dale. Han kunne fortelja at klokkene så visst ikkje kalla folk til fånnyttas på Madagaskar i dag. Så enkle er ikkje alle tilhøve her ute, men langt ut til dei dei mest avstengde landsby- ar kunne bodskapen nå. Dei kom for å høyre. "No må ljuset få koma til oss" kunne bøna vera. Ofte måtte dei gå skuffa attende. Ein kunne ikkje nå lenger----

Ein vert stoppa opp, og tenkjer på tilhøva her heime. Ny kyrkje og nye klokker, men ofte vert det berre ein klokkeklang som når øyra. Ein klang som ofte og irriterer. Kor mykje an- leis vert det ikkje når bodskapen om frelsaren Jesus Kristus vert den hjelpa eg treng. Han som kan gjera noko med dei vanskane eg strevar med.



Albert Tolås ringjer jula inn på Vaksdal.



Annlaug Sandal, her fotografert heime på Stamnes.

Vaksdal har si misjonsklokke på Ma- dagaskar. Kvar kyrkjelyd skulle hatt det. På ulik vis kunne kyrkjelydane få vera med på å la det ringje uti på å la det ringje ute på misjons- markene. Det er ennå mange avsteng- de landsbyar som skulle vore nådde.

Men fyrst må misjonsklokkene her heime få den rette klangen. Då ten- jer eg ikkje fyrst og fremst på dei i klokkeårnet. Kvar kristen skulle vera ei misjonsklokke. Ei klokke som vert nytta til det ho var meint til av den store klokkestøyparen. Fyrst då kan ho nå hjarta med sin bodskap.

Så vonar me at alle klokkene kan få vera med å kalla inn til ei velsig- na julehøgtid.

Magne O. Steinnes.

# Rektor under Afrikas varme sol

— Mange av dem som har gått et 18 måneders hel- seassistentkurs hos oss, reiser ut til klinikker i distriktet for å arbeide alene. Noen av dem har alene ansvar for helsear- beid i mange miles om- krets, og må på egenhånd drive med både fore- byggende medisin og be- handling.

Marit Sandal, som for- teller dette til Vårt Land, er rektor ved helseassi- stent-skolen som drives i tilknytning til sykehuset i Yirga Alem i Etiopia.

### Godt motivert

Vårt Land møter 26 unge menn som pent sitter og venter på sin lærer. 26 unge menn som ikke ser ut til å ha tid og lyst til bråk og fanteri som nors- ke jevnaldrende gjerne finner på. På årets helse- assistent-kull er det ikke en eneste jente, men det er «mot normalt».

— De som kommer til skolen er gjerne godt mot- ivert for oppgaven. De be- gynner her etter 9. klasse, forteller Marit Sandal som er misjonær utsendt av Norsk Luthersk Mi- sjonssamband og som har arbeidet ved skolen siden 1965. Sju år tidligere kom helseassistent-skolen

igang, og i årenes løp har flere hundre helsear- beidere fått sin utdannel- se her.

### Selvstendig

— Hva kan helseassisten- tene etter utdannelsen?

— Pensum er en mel-

AV  
JAN  
ARILD  
HOLBEK

### VÅRT LAND

lomting av hjelpepleier- og sykepleierutdannelse.

Etter skolegangen må mange helseassistenter arbeide meget selvstendig.

Mange får god erfaring og kan gjøre mange praktis- ke oppgaver ute i felten.

Helseassistentene har stort ansvar, og får prøve seg på mange ting. Her på sykehuset hr vi også en rekke helseassistenter an- satt. De både gir medisin og går visitt i tillegg til de mange andre oppgavene som pleie-personalet har på et sykehus, sier Marit Sandal som kommer fra Stamneshella i Horda- land.

— Studentene bor på sykehus-området, og er levende opptatt av ut- dannelsen. Ingen sure mi- ner, selv om undervis- ningen foregår seks dager i uka. Vanligvis har vi tre timers undervisning og fi- re timers praksis hver dag — i tillegg må studentene lese mye på egenhånd, forteller Marit Sandal som peker på medisin-til-



førsel som et av de store problemene for helseassi- stentene.

### Medisinmangel

— Det er ofte stor mangel på medisiner, særlig på de mindre klinikkene ute i distriktene.

Marit Sandal under- streker at helseassistent- skolen i forbindelse med Misjonssambandets syke- hus i Yirga Alem er en misjonsinstitusjon. Det betyr ikke at alle som går på skolen er kristne, men skolen har en klar kristen profil i det daglige ar- beidet.

— Vi har så gode ar- beidsforhold som vi kan forvente i et land som det- te. Vi får så Guds ord for mange mennesker — og vi får være med på å ar- beide med løsningen av de store medisinske pro- blemene i denne del av Etiopia, sier Marit Sandal som stortrives i oppgaven som leder av helseassi- stent-skolen i Sør-Etpia.

## Nesheim kyrkja 75 år



Det var fullsett kyrkja på Nesheim søndag 27.nov. til 75 års jubileumsgudstenesta. Res.kap.Sønnesyn hadde velkomehelsing, og sokneprest Steinnes preika over teksten på dagen. Eksingedalen blandakor, med litt

forsterking frå Eidsland, song fint. Dirigent var Thor Michelsen. Til slutt i gudstenesta helsa soknerådsforman Johan Gullbrå kyrkjelyden, og ynskte alle velkomne til festsamkoma på Bergo skule.



i gymnastikksalen var det duka festbord til vel 120, og fullt vart det kring alle bord, av unge og eldre. Festmaten var heimekocht, utifrå vel-smakande rømmegraut, og kaker og kaffi. Ved bordseta var det mange helsingar. Lasse Vassenden helsa frå sokneråda, og bar fram ei pengegåva. Birger Olsnes hadde helsing og pengegåve frå kommunen. Vidare var det helsingar frå Gyda Trefall, Per Hatlestad, Gunvor Bjørsvik, Magne Olav Steinnes og Johan J. Gullbrå. Sokneprest Mjøs hadde sendt brev, og sokneprest Skiftun telegram. Kristian Brakestad helsa frå seg og frå broren sokneprest Johan Brakestad, som diverre ikkje var frisk nok til å vera med denne dagen.

På eine langveggen i salen hadde skuleborna hengt opp ei "lang" kyrkjesoga, slik at festlyden kunne lesa henne ved bordseta. Dei song og fleire songar, friskt og festleg.

Dette var tredje og siste jubileumshøgtida i Eksingedalen i haust. Det er nesten utruleg, og svært rosverdig og imponerende, både kor godt dei har skipa alt til, og ikkje mindre det store frammøtet av bygdafolk i alle aldrar.

Og framtidsynsket for kyrkjelydane i Eksingedalen kan best seiast med salmediktaren Grundtvig:

Give då Gud, kvar me mun bu,  
alltid når klokkone lokkar'  
folket i samlyndt kristentru  
glade i kyrkja seg flokkar!  
"Verdi vel ei, men de meg ser,  
alt som eg seier, sjå, det skjer.  
Fred vere med dykker alle!"




## Astronom bekrefter Bibelens juleberetning

Betlehemsstjernen som lyste da Jesus ble født, har hverken vært en komet eller en

nova, som enkelte har antydnet. Stjernen var et meget sjeldent himmelfenomen, en spesiell samstilling av planeter, som kan inntreffe med omtrent 850 års mellomrom. På Jesu tid var slike fenomener bare kjent for et lite antall fagkyndige astronomer.

Opp gjennom kirkehistorien har julestjernen over Betlehem engasjert både histori-



Himmelen over Betlehem slik den har sett ut fra Jerusalem kl. 20.00 lokal tid 12. november år 7 f.Kr. Jupiter/Saturn står nær hverandre til venstre i bildet, mens dyrekretslyset stråler ned mot åsene over Betlehem. Stjernehimmlen er rekonstruert og fotografert av vitenskapelig leder Hermann Munck ved Urania-planetaryet i Wien. Bildet er hentet fra boka *Betlehemsstjernen* av Konradin Ferrari D'Occhieppo fra Universitetsforlaget.

kere og legendemakere. Også i vår tid er en opptatt av spørsmålet. I høst har Universitetsforlaget gitt ut bok om emnet skrevet av Konradin Ferrari D'Occhieppo, forsker i astronomi og professor ved universitetet i Wien. I 20 år har han leitt etter bevismateriale både innenfor sitt eget fag og innen historie, arkeologi og teologi for å finne ut hva Betlehemsstjernen egentlig var.

### Faguttrykk

Den kjente fortellingen om de vise mennene fra Østen som fulgte sin stjerne til Jesus, står skrevet i Matteusevangeliet kapittel 2. D'Occhieppo påpeker at den greske grunnteksten til fortellingen inneholder astronomiske faguttrykk. Nå hadde alle kulturfolk på Jesu tid et visst kjennskap til astronomi, bl.a. fordi de måtte navigere etter stjernene. Men uttrykkene som er brukt i Matt. 2 vitner om høyere utviklet astronomi, og det var det ikke så mange som hadde. D'Occhieppo følger sporene tilbake til Mardukprestene eller magerne i Babylon. Tre av de fenomenene som svært ofte forekommer i den babylonske planetteorien, er omtalt i Matt. 2 med tilsvarende faguttrykk.

### Killeskift

Mardukprestene var de siste representantene for en gammel kultur i Babylon som hadde arbeidet med astronomiske observasjoner i flere tusen år. Fra ca. år 800 f.Kr. drev de planmessig. Observasjonene ble etterhvert tegnet ned med kileskrift på leirtavler og oppbevart i tempelarkivene. Mye av dette materialet er godt bevart og dandert, og det er først nå når leirtavlene er offentliggjort, at en kan danne seg et riktig bilde av det høye nivået i senbabylonsk astronomi. Mardukprestene klarte f.eks. på forhånd å beregne planetenes gang nøyaktig. D'Occhieppo mener de har forutsett fenomenet med Betlehemsstjernen allerede 60 år før den var synlig på himmelen.

### Uvanlig

Hva var det så magerne observerte? Vi har lett for å tenke oss Betlehemsstjernen nærmest som en lysende sol som ledet vismennene skritt for skritt. Men stjernen var ikke slik at vanlige mennesker la merke til den. Bibelen forteller at hele Jerusalem ble forvirret over det vismennene fortalte, og kong Herodes måtte spørre dem nøyere ut om hva dette gjaldt. Ingen hadde sett stjernen.

For å forstå mangernes tankegang må en være klar over at de tolket sine vitenskapelige astronomiske observasjoner ut fra sin religion. Det de hadde regnet ut og observert, var at planeten Jupiter, som var stjernen til deres høyeste guddom, i tre måneder av år 7 f.Kr. søkte sammen med Israels stjerne Saturn på himmelen midt i

stjernebildet Fiskene, som representerer landområdet Judea. Av dette tolket de at en stor konge skulle bli født i Israel.

### Sjeldent

15. september år 7 f.Kr. hadde Jupiter og Saturn felles aftenoppgang med bare en grads lengdeforskjell, og dette er et usedvanlig sjeldent fenomen. 12. og 13. november samme år hadde planetene vestlig stillstand, og lengdeforskjellen mellom dem var bare tre bueminutter. Slik stillstand ble betegnet med uttrykket «i frem- og tilbakegang», og det er nettopp dette astronomiske faguttrykket som er brukt om stjernen i grunnteksten av Matt. 2,9. Stillstanden av planetene er direkte bevitnet i en kileskriftkalender som ennå er bevart, og den er også bekreftet ved en kontrollberging.

Er D'Occhieppos teori riktig, vil det si at han datofester dagen da vismennene besøkte Jesus i Betlehem til 12. november år 7 f.Kr. om kvelden. Som kjent gir ikke vår tidsregning oss Jesu fødselsår nøyaktig. Annen historisk forskning har kommet fram til at år 6—7 f.Kr. er aktuelt. Men Jesu fødselsdag mener D'Occhieppo at han ikke har kilder til å fastslå. Han anslår imidlertid et sted mellom april og september år 7 f.Kr.

### Skuffet

Vismennene var nok skuffet over ikke å ha funnet den nye kongen i Jerusalem. Men da de var på vei til Betlehem oppdaget de det som astronomiske beregninger nå bekrefter, at Jupiter/Saturn sto i retning syd sydvest, nøyaktig i marsjretningen deres mot Betlehem. De opplevde at stjernen «gikk» foran dem som det står i Bibelen.

I tillegg har et annet himmelfenomen gjort seg gjeldende, nemlig dyrekretslyset. Dette er reflektert sollys fra kosmisk støv og meteoritter. 12. november år 7 f.Kr. viser beregninger at dyrekretslyset sett fra Jerusalem mot Betlehem var som en lyskjegle med Jupiter/Saturn øverst i kjeglen og lysstrålen vendt ned mot Betlehem. Lyskjeglen ble steilere utover kvelden, slik at lyset som så ut til å lyse fra stjernen fulgte planetene i deres bevegelser og pekte ned mot det samme stedet på jorden. Stjernen ble på denne måten stående over stedet der barnet var, slik Matteus skriver. I Urania-planetaryet i Wien har en rekonstruert stjernehimmlen og tatt fotografier av himmelen slik magerne har sett den på sin vei mot Betlehem.

### Fakta

Fortellingen om Betlehemsstjernen kan altså forenes med fakta fra historiske kilder utenom Bibelen og behøver ikke betraktes som noen legende. Gjennom en besynderlig blanding av vitenskap og overtro, nitid stjernetydning og spontan reaksjon, fant Mardukprestene til slutt sin konge. Slik ble de de første representantene fra folk utenfor Israel som fikk møte Guds sønn, gitt til frelse for alle mennesker. Og det var Betlehemsstjernen, et sjeldent planetfenomen som viste dem veien.

## Konfirmantfest på Stamnes



På Stamnes er det tradisjon å samla årskonfirmantane og 50-års konfirmantane til fest, saman med konfirmantforeldre og bygdefolk elles. Her ser me frå festen 15. oktober.



Årskonfirmantane og jubilantane er lysberarar.



Jubilantane.



Alle var ivrig med på bordkonkurransen, men årskonfirmantane vann!

## VELKOMEN TIL KYRKJE

### DALE

- 11.12.- 3.s. i adv. kl. 19.00.  
Julekons. Sp. Steinnes
- 18.12.- 4.s. i adv. kl. 11.00.  
Rk. Sønnesyn, nattv.
- 24.12.- Julaftan kl. 15.00 og 16.00.  
Fam. gudst. v/sp. Steinnes  
Offer til Dale og Stang-  
helle søndagsskule, kyrkje-  
skyss til 1. gudst.
- 25.12.- 1. juledag kl. 11.00.  
Høgtidsgudsteneste v/Sp.  
Steinnes, Dale mannskor,  
offer til Menighetsfakultetet
- 31.12.- Nyårsaftan kl. 23.15.  
Midnattsgudst. v/Sp. Steinnes

### STAMNES

- 11.12.- 3.s. i adv. kl. 11.00.  
Rk. Sønnesyn, nattv. Offer til  
Norsk Luthersk Misjonssamb.  
Kyrkjestyss
- 18.12.- 4.s. i adv. kl. 18.00.  
Julekons. rk. Sønnesyn
- 24.12.- Julaftan kl. 14.00.  
Fam. gudst. v/rk. Sønnesyn,  
Offer  
, kyrkjestyss.
- 26.12.- 2. juledag kl. 11.00.  
Høgtidsgudst. v/Sp. Steinnes  
Offer til Menighetsfakultetet  
kyrkjestyss
- 01.01.- Nyårsdag kl. 11.00.  
Rk. Sønnesyn, offer til Blå  
Kors, kyrkjestyss.

### MESHEIM

- 26.12.- 2. juledag kl. 16.00.  
Sp. Steinnes, offer til  
Den Norske Santalmisjon  
kyrkjestyss

### EKSINGEDALEN

- 11.12.- 3.s. i adv. kl. 11.00.  
Sp. Steinnes, nattv. offer til  
Bjergvin bispedømer./Stiftsenteret
- 24.12.- Julaftan kl. 11.30.  
Fam. gudst. v/rk. Sønnesyn  
Offer til Kirkens Nødhjelp  
kyrkjestyss.

### BERGSDALEN

- 10.12.- Lørdag kl. 16.00  
Lysmesse/konsert, Sp. Steinnes  
Offer til Misjon bak jerntepp
- 26.12.- 2. juledag kl. 11.00.  
Høgtidsg. v/rk. Sønnesyn, offer  
til Menighetsfakultetet.
- 01.01.- Nyårsdag kl. 11.00.  
Sp. Steinnes, nattv. Offer  
til Santalmisjonen.

### VAKSDAL

- 11.12.- 3.s. i adv. kl. 18.00.  
Julekonsert, rk. Sønnesyn
- 24.12.- Julaftan kl. 16.00.  
Fam. gudst. v/rk. Sønnesyn,  
offer til Kirkens Nødhjelp.
- 25.12.- Juledag kl. 11.00.  
Høgtidsgudst. v/rk. Sønnesyn  
Offer til Det Norske Misjons-  
selskap.
- 31.12.- Nyårsaftan kl. 23.15.  
Midnattsgudst. v/rk. Sønnesyn

### EIDSLANDET

- 18.12.- 4.s. i adv. kl. 11.00.  
kons./gudst. v/sp. Steinnes  
Offer til Kirkens Nødhjelp
- 26.12.- 2. juledag kl. 11.00.  
rk. Sønnesyn, offer til Det  
Norske Misjonsselskap

## Frå Dale



Første oktober var det ungdomsleiarsamling i "Moses-huset".



På kyrkjelydsfesten i kantina på Dalefabrikker 2.oktober song Ten Sing .

## SPEIDARFEST.



17.november var ein stor dag for jentespeidarane på Dale. Då var det foreldrefest og opptaking av nye meiser (7-10 år) og nye speidarar. På øvste biletet ser me dei nye meisene saman med leiaren, Reidun Takvam, og nedst er speidarjentene med og som tende lys!



## Gudstenester våren 1984

mond	dag	namn	St. helle	Dale	Vaksdal	Stammes	Eidsland	Eksinged.	Nesheim	Bergsdalen
Jan	1.	Nyår					Sø			St
"	8.	Kr. Åp			St				St. k.	
"	15.	1. s. e.		Sø						
"	22.	2. s. e.		St. Fam. k.	St. Fam. k.	St. Fam.	Sø. Fam.			
"	29.	3. s. e.							Sø. Fam.	St. Fam.
Feb.	5.	4. s. e.		Sø	St. k.		Sø. k.	St.		
"	12.	Ving.	Sø. Fam.				St.			
"	19.	Såma.		St.	Sø. Fam.					
"	26.	Kr. fo		St. Fam.				St. k.	Sø.	
Mar	4.	St. fa.				St. k.				St.
"	11.	1. s. i. fa.		Sø.			Sø. k.			
"	18.	2. "	St. Fam. k.		St.				Sø	
"	25.	Maria		St.						Sø.
Apr.	1.	4. s. i. fa.					St.	Sø.		
"	8.	5 "		Fam. St.	Fam. Sø					
"	15.	Palm.					Sø. Fam.			St. Fam. Sø. Sport. and. St.
"	19.	Skjer.		Sø						
"	20.	Lang.	St. k.		St.			Sø		
"	22.	1. På		St.	Sø					Gudst., Gudst
"	23.	2. På					St.	Sø.		
"	29.	1. e. p.								Sø.
Mai	1.			St.	Sø.					
"	6.	2. "		Konf. St.	Konf. Sø.					
"	13.	3 "					Konf. Sø.	Konf. St.	St. k.	
"	17.	mai		St. Fam.	Sø. Fam.	St. Fam.	Sø. Fam.			
"	20.	4. e. p.			St.					
"	27.	5 "		St. k.						Konf. Sø Konf. St.
"	31.	K. h.					Stjerne Vassbakken			
Jun.	3.	b. e. p.			Sø. k			St.		
"	10.	1. Pi.		St.		Sø				
"	11.	2. "	Sø. k. ?		Sø				St.	



## Frå kyrkjebøkene

### DØYPTE

#### EKSINGEDALEN

23.10. Odd Inge Brønstad.

#### DALE

23.10. Kjetil Kringlebotten

30.10. Rune Andre Vik

" Anders Enger Djukastein.

" Kari Simmenes

6.11. Tommy Stavenes Tveiterås

#### VAKSDAL

20.11. Oddbjørn Gjerme

4.12. Torbjørn Audestad.

#### STAMNES

16.10. Cathrine Balestrand.

### VIGDE

#### DALE

3.12. Torill Starnes og Mons  
Johan Vik.

### AVLIDNE

#### DALE

8.11. Brita Oettel

#### VAKSDAL

9.11. Henrik Gundersen, f.1898.



# Julekveld

*No strålar det tusen stjerner  
så bjart over by og grend,  
no stig det ein mektig lovsong  
for sonen som vart oss send.*

*Men songen er døyvd hjå somme,  
ein tone dei ikkje finn,  
ein huslyd kring juletreet  
sit tagal med sorg i sinn.*

*Det glitrar i gilde gåver,  
det bognar eit bord av mat,  
— ein huslyd i armodstova  
sit stur over tomme fat.*

*For kringom i mange u-land  
der vantar dei korn og sul,  
der teier ho, kyrkieklokka,  
så der vert ei fattig jul.*

*Og no kjem dei heim til høgtid  
i hopetal langvegs frå,  
— ein heimlaus går trøytt i gata  
og talmast i einsemd grå.*

*Men mange har heim og hygge  
og glade si høgtid held,  
lat tanken då gå til dei arme  
som ikkje har julekveld.*

*Lat tankane bli til gjerning,  
for då ber dei frukt til sist.  
Gå ut då med hjelp til andre  
i namnet til Jesus Krist.*

Henrik Straumsheim

### Kyrkjeblad for Vaksdal prestegjeld

Bladstyrarar: Per Einar Sønnesyn (ansv.) og Magne O. Steinnes. Medarbeidarar: Skrivarane i sokneråda. Kassarar: Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik. Postgiro 5 72 34 73, bankgiro 3500.50.13117. Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.

Bladpengar kr. 30,00 (eller meir) for året.

Ekspedisjon og trykk og retur til: Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese, tlf. (055) 55045.